

**Landbruk og
naturforvaltning**

24.09.2007

Døsjagrovi Kraftverk BA
Gaupnegrاندane.
6868 Gaupne

Arkivsak: 07/2175
Løpenr.: 07/11204
Sakshandsamar:
Steinulf Skjerdal

Melding om politisk vedtak - Offentleg høyring – søknad om konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk. Uttale frå Luster kommune

Vi viser til dykkar brev dat. 27.08.07 der de ber kommunen sørgje for oppstartsvedtak.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 20.09.2007, sak 78/07:

"A. Fråsegn til NVE

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

For ivaretaking av viktige interesser i utbyggingsområdet må det knytast vilkår til konsesjon:

- 1. NVE må føreta ei grundig vurdering av omsøkt minstevassføring, om den er tilstrekkeleg for å sikra vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.*
- 2. Tidlegare inngådde avtalar om vassrettar i området må oppfyllast på forsvarleg måte.*
- 3. Plassering av kraftstasjon må avklarast ved utarbeiding av reguleringsplan.*

B. Reguleringsarbeid ved framtidig kraftstasjon

Luster kommunestyre viser til reglane i § 9 – 1 i plan- og bygningslova, og godkjenner at Døsjagrovi Kraftverk BA set i gang (privat) reguleringsarbeid for å sikre ei heilskapleg løysing for området rundt planlagd kraftstasjon på Døsen, jf søknad av 27.08.07.

Uttalen er i dag sendt til NVE.

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Steinulf Skjerdal
Arkivsaksnr.: 07/2175

Arkiv: S11 &18

Offentleg høyring - søknad om konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk. Uttale frå Luster kommune

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune syner til saksutgreiinga med vurdering og tilrår at det vert innvilga konsesjon for bygging av Døsjagrovi kraftverk med tilhøyrande elektriske anlegg.

For ivaretaking av viktige interesser i utbyggingsområdet må det knytast vilkår til konsesjon:

1. NVE må føreta ei grundig vurdering av omsøkt minstevassføring, om den er tilstrekkeleg for å sikra vassforsyning for husvatn og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.
2. Tidlegare inngådde avtalar om vassrettar i området må oppfyllest på forsvarleg måte.
3. Kommunen ber om at alternativ plassering av kraftstasjon ovanfor Døsjatunet vert vurdert.
4. Dersom NVE godkjenner ei plassering av kraftstasjonen nede ved riksvegen, må det utarbeidast reguleringsplan for å sikra ei heilskapleg løysing for området.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg:

Oversendingsbrev frå NVE datert 27.06.2007

Oversiktskart

Notat frå informasjonsmøte 21.08.2007 frå Luster Energiverk AS

Brev frå Døsjagrovi Kraftverk BA datert 27.08.2007 – søknad om oppstart av reguleringsplanlegging.

Uprenta vedlegg:

Søknad/plandokument (Søknaden er også å finna på Luster Energiverk si internettside www.lusterenergiverk.no)

Kopi av høyringsskriv frå:

- Hans Vigdal Bringeboen

- Olga Ellingseth, Gøril Elsebe Urdahl, Hans H. Urdahl

- Åse Bruland Lavoll

Kommunedelplan for små kraftverk i Luster

Samandrag:

Døsjagrovi Kraftverk BA har søkt NVE om løyve etter § 8 i vassressurslova til å byggja Døsjagrovi kraftverk med installert effekt på inntil 4,95MW, og etter energilova om naudsynte løyve til elektriske anlegg i samband med kraftverket. Planen er å nytta det gamle inntaket ved Røssesete på kote 744 frå tidlegare kraftutbygging og leggja ei samanhengjande røyrgate med 600 mm diameter ned til fjorden, med kraftstasjon innbygd i den gamle taubanestasjonen, eller i ein nybygd stasjon i tilknytning til den gamle kraftstasjonen frå 1915. Hellestvatnet vil framleis bli nytta som reguleringsmagasin.

Ei ny utbygging vil ikkje ha konsekvensar for inngrepsfrie naturområde. Dei planlagde avbøtande tiltaka vil i forsvarleg grad ivareta dei fleste miljøomsyn, men det knyter seg likevel uvisse til konsekvensane ei redusert vassføring i elva vil føra med seg for vassforsyning til bustadeigedomar og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.

Ei alternativ plassering av kraftstasjonen ovanfor Døsjatunet bør vurderast. Dersom kraftstasjonen likevel skal plasserast nede ved riksvegen, må detaljløysinga for det planlagde stasjonsområdet avklarast gjennom reguleringsplan for området og det må gjennomførast tiltak for å sikra interessene for busetnaden i nærområdet til kraftstasjonen.

Konsesjon bør kunna innvilgast, men ut over vurderinga av stasjonsplassering og tiltak for sikra interessene til busetnad, må det stillast krav om at tidlegare inngådde avtalar om vassrettar i området vert oppfylte på ein forsvarleg måte, og det må påleggjast tilstrekkeleg minstevassføring for å sikra vassforsyninga på begge sider av vassdraget til husvatn og jordbruksvatning.

Utval som har vedtaksmynde:

Kommunestyret

Fakta:

Harastølen AS og Luster Energiverk AS har inngått ein samarbeidsavtale om utvikling av Døsjagrovi kraftverk i Luster. Utbygging og drift skal gå gjennom eit nytt felles selskap – Døsjagrovi Kraftverk BA.

Døsjagrovi Kraftverk BA har søkt NVE om løyve etter § 8 i vassressurslova til å byggja Døsjagrovi kraftverk med installert effekt på inntil 4,95 MW, og etter energilova om naudsynte løyve til elektriske anlegg i samband med kraftverket og samankopling med eksisterande 22 kV linje. Søknaden har lege ute på høyring med frist for fråsegn 01.09.2007. For å kunna leggja søknaden fram for kommunestyret har Luster kommune fått utsett fristen for sin uttale til etter 20.09.2007.

Etter høyringsfristen får søkjar høve til å kommentera innkomne fråsegner. NVE står fritt til å vurdere om det skal gjevast konsesjon, og kva vilkår som i såfall skal knytast til denne. Vilkåra kan omfatta reglar om byggjefristar, reguleringshøgder, vasslepping, godkjenning av planar m.o.t. miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, forureining, forminne, samt kva sanksjonar som skal iverksetjast ved ev. brot på fastsette vilkår.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker etter at melding om vedtaket er motteke.

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. NVE ønskjer synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller avgrensingar i planane, samt forslag til avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring.

Sjølve konsesjonssøknaden er utarbeidd av Luster Energiverk AS.

Miljøfagleg Utredning AS er ansvarleg for den utarbeidde miljørapporten og tilråding om avbøtande tiltak.

Hovuddata for kraftverket

DATA FOR TILSIG	
Nedbørfelt	10,25 km ²
Middelvassføring	0,54 m ³ /s
Alminneleg lågvassføring	0,02 m ³ /s
DATA FOR KRAFTVERKET	
Inntak på kote	744
Avlaup på kote	3
Fallhøgde brutto	741 m
Midlare energiekvivalent	1,67 kWh/m ³
Slukeevne max.	0,82 m ³ /s
Slukeevne min.	0,04 m ³ /s
Tillaupsrøyr, lengde	2 230 m
Tillaupsrøyr, diameter	600 mm
Installert effekt, max.	4,95 MW
Brukstid	3 970 t
Magasinvolum	1,15 mill. m ³
HRV	1115,0 m
LRV	1112,4 m

DATA FOR PRODUKSJON	
Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)	5,25 GWh
Produksjon, sommar (1/5 – 30/9)	14,39 GWh
Produksjon, årleg middel	19,64 GWh
DATA FOR ØKONOMI	
Utbyggingskostnad	42,3 mill. kr
Utbyggingspris	2,16 kr/kWh

Tidlegare inngrep

Døsjagrovi har vore nytta til kraftproduksjon i over hundre år, først til Lyster Sanatorium Harastølen med kraftstasjon på Harastølen, der fallet mellom Røssesete og Harastølen vart utnytta. Og frå 1915 til allmenn bruk i Luster med kraftstasjon nede ved Døsen, der fallet mellom Harastølen og fjorden vart nytta. Det gamle kraftverket ved Harastølen var i drift fram til 1999, kraftverket nede ved Døsen til fram mot 80-talet. I dag er det tre mikrokraftverk i vassdraget, to som nyttar ut fallet mellom Røssesete og Harastølen, eigd av Harastølen AS, og eit nede ved Døsen i privat eige.

I samband med dei første utbyggingane i vassdraget vart Hellestvatnet regulert (HRV kote 1115) for å sikra stabil vasstilførsel til inntaket på Røssesete (kote 744).

Sjølve planen

Planen er å nytta det gamle inntaket ved Røssesete på kote 744. Derifrå er det planlagt ei samanhengjande røyrgate med 600 mm diameter ned til fjorden, med kraftstasjon innbygd i den gamle taubanestasjonen, eller i ein nybygd stasjon i tilknytning til den gamle kraftstasjonen frå "1915-utbygginga". Inntaksdammen er planlagt påbygd inntil 1,5 m i høgda for å betra køyringa og hindra ising. Magasinvolument her vil som følgje av dette auka frå omlag 500 m³ til omlag 900 m³, og vassflata frå omlag 100 m² til omlag 250 m².

Hellestvatnet vil framleis bli nytta som reguleringsmagasin. Dammen her er ein murdam med betongtetting. Han vart bygd i 1912 og er 4,7 m høg og omlag 21 m lang. Omlag 200 m innanfor dammen er det ein naturleg terskel i vatnet som avgrensar magasinsenkinga til max. 2,6 m.

Røyrgata vil stort sett følgja same linja som dei gamle røyrgatene, både ovanfor og nedanfor sjukeheimen. Ho vil bli nedgraven heile strekninga. Stadeigne massar vil i størst mogeleg grad bli nytta, men noko av omfyllingsmassane må tilkøyrast. Ev. overskotsmassar vil bli planerte ut i terrenget ikring der det måtte høva og det vil ikkje bli større deponi.

Kraftstasjonen er planlagt med ei minste slukeevne på 0,04 m³/s og ei største slukeevne på 0,82 m³/s. I søknaden er det forutsett slepping av minstevassføring heile året lik alminneleg lågvassføring på 0,02 m³/s. Totalt vil kraftverket nytta 68% av midlare tilsig til inntaket gjennom året. 28% vil renna forbi overlaupet (periodar der tilsiget er større enn slukeevna og minstevassføringa) og 4% vil bli tappa forbi pga. minstevassføringa. Hellestvatnet regulerer til ein viss grad tilsiget frå omlag halve nedbørfeltet. Reguleringa sikrar eit jamnare tilsig til inntaket gjennom året. Eit middels år vil det ikkje forekoma at tilsiget

er mindre enn minste slukeevne til kraftverket, men tilsiget til inntaket vil vera større enn slukeevna til kraftverket i 73 dagar.

Kraftverket er planlagt tilkopla eksisterande 22 kV nett gjennom nedgraven kabel til næraste trafostasjon, 10 – 30 m avhengig av stasjonsplassering..

Eigedomstilhøve

Harastølen AS har alle vasskraftrettane knytt til reguleringsmagasinet i Hellestvatnet. Luster Energiverk AS forvaltar avtalane til Luster Kraftlag som bygde kraftverket nede ved fjorden. Parallelt med konsesjonssøknaden vert det arbeidd med formalisering og vidareføring/oppfølging av opprinnelege avtalar.

Tilhøve til overordna planar

I arealdelen til kommuneplanen er prosjektområdet definert som LNF-område.

I kommunedelplanen for småkraftverk, som skal vera retningsgevande for kommunen si handsaming av utbyggingsprosjekt, har delområde 3:3, Døsjagrovi, fått 0 i totalpoeng (negative og positive effektar oppvege kvarandre) og er plassert i "Gul konfliktsone". I dette ligg det at området har nokre sterke interesser som det må takast omsyn til, og at utbygging av kraftverk i slike område må ta omsyn til dei almenne interessene og planleggjast med avbøtande tiltak.

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

Den planlagde utbygginga vil føra til at mindre del av vatnet mellom Røssesete og fjorden no vil renna fritt, enn det som var tilfelle før. Den gamle røyrleidninga mellom Røssesete og Harastølen hadde ein utvendig diameter på omlag 26 cm, noko tilsvarende på røyrleidninga nedanfor. Den nye er planlagd med 60 cm i diameter. Søknaden konkluderer likevel med at det nye prosjektet berre i liten grad vil påverka vasstemperaturen i høve til dagens situasjon. Det er heller ikkje venta endringar i istilhøve på fjorden eller lokalklima som følge av det planlagde prosjektet.

På grunn av topografien og grunntilhøve i området og konstant slepping av minstevassføring, er det ikkje venta særlege endringar i grunnvasstilhøva som følge av redusert vassføring.

Miljøkonsekvensane av utbygginga er vurdert av Miljøfagleg Utredning AS (MU).

Metodikken som er nytta for vurdering av miljøkonsekvensar følgjer NVE-rettleiar 1-2004. Denne baserer seg på ein standardisert og systematisk tretrinns prosedyre for å gjera analysar, konklusjonar og tilrådingar objektive og lettare å forstå og etterprøva.

Sluttverdien som kjem fram for dei ulike tema, er gradert etter ein skala frå "Svært stor negativ konsekvens (---), til svært stor positiv konsekvens (++++)." Ubetydeleg konsekvens er markert med verdien 0.

Nedanfor følgjer ei oppstilling av konsulenten og søkjaren si vurdering/sluttverdi av verknadene av ei utbygging for ulike tema:

Biologisk mangfald og verneinteresser: *Liten negativ konsekvens (-).* Det er påvist to raudlisteartar i utgreiingsområdet, begge innanfor ein avgrensa lokalitet med middels verdi. Men dei

registrerte naturverdiane er ikkje avhengig av vassføringa i elva. Lokaliteten vil truleg heller ikkje bli berørt av røyrgata.

Fisk og ferskvassbiologi: *Ubetydeleg konsekvens (0).* Fiskeinteressene knyter seg til strekninga ovanfor inntaksdammen og vil bli lite berørt.

Landskap: *Middels negativ konsekvens (- -).* Dei landskapsmessige konsekvensane av utbygginga er i første rekke knytt til redusert vassføring i elva, etablering av inntaksdammen og røyrgata. Elva er lite synleg frå nært hald, men er meir synleg frå fjorden. Konfliktgrunnlaget for landskap er meir knytt til eksponering av røyrgata, størst i anleggsfasen og næraste tida etterpå. Verknaden av inngrepet vil avta etter kvart som området revegeterer. Inntaksdammen vil vera godt synleg frå Røssesete og nærområdet der.

Kulturminne og kulturlandskap: *Lite – middels negativ konsekvens (-/- -).* I området rundt Luster er det fleire registrerte automatisk freda kulturminne. Mellom anna bergskunst på Røssesete, men denne ligg oppstraums inntaket og vert ikkje påverka av prosjektet. Dei andre kulturminna ligg enno lenger frå prosjektområdet og vert heller ikkje påverka. Bygningane knytt til Harastølen og fleire bygg på Døsen gard er lista opp i SEFRAK-registeret. Den gamle kraftstasjonen til Luster Kraftlag er omtala i kulturminneplanen til Luster kommune.

Landbruk: *Liten negativkonsekvens (-).* I driftsfasen vert det mindre vassføring i elva, men minstevassføring vil kunna sikra tilsig og grunnvasstand.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser: *Liten negativ konsekvens (-).* Vassforsyninga til store deler av Lusterbygda, mellom anna det kommunale vassverket i Bringebakkane, er knytt til oppkømer. Desse oppkomene kan ha si forsyning frå Døsjaelvi. Reguleringa av Hellestvatnet har sikra jamt tilsig av vatn i vassdraget gjennom heile året. Det er ikkje kjent at det har vore problem med vasskvaliteten. Relativt stor del av flaumtoppane vil føra til overlaup og vera med å sikra resipientinteressene.

Brukarinteresser/friluftsliv: *Liten negativ til ubetydeleg konsekvens (-/0)*

Samfunnsmessige verknader: Ei utbygging vil gje auke i skatteinntektene til Luster kommune. Alt etter takseringsgrunnlag vil eigedomsskatten variera mellom 130 000 og 306 000 kroner. Utbygginga vil medføre lokal sysselsetjing i anleggsperioden og noko framtidig sysselsetjing som følgje av dagleg drift. Verdiskaping i regi av Luster Energiverk vil gje aksjonærane i kommunen direkte utbyte. Harastølen AS vil få betre handlingsrom for langsiktig satsing på eigedomen. Det er ikkje påvist negative samfunnsverknader av prosjektet.

Avbøtande tiltak:

Hovudregelen i Vassressurslova (§10) er at minst den alminnelege lågvassføringa skal vera tilbake i vassdraget dersom ikkje anna følgjer av same paragrafen.

Miljørapporten konkluderer med at minstevassføring ut over det som har vore praktisert tidlegare, berre vil ha avgrensa betydning for det biologiske mangfaldet i området.

Tiltakshavar sjølv vurderer minstevassføring å ha positiv effekt av tiltaket for andre samfunnsmessige tilhøve. Sjølv om vassstrengen berre delvis er synleg, vil minstevassføring vera med på å redusera den landskapsmessige effekten. Slepping av minstevassføring vil sikra tilsig til oppkømer i området. Det er difor valt å søkja om fast minstevassføring gjennom heile året tilsvarande alminneleg lågvassføring.

Stadeigen masse vil bli lagd til side og nytta som topplag etter inngrep, både over røyrleidning, tilbakeføring av mellombelse anleggsvagar m.v. Dette vil også sikra stadeigen vegetasjon å veksa opp.

Tiltakshavar vil halda seg innanfor gjeldande grenseverdier i lovverk/retningslinjer med omsyn til støy. Opparbeiding av røyrgate og stasjonsområde vil medføra ein del støy, men dette er berre av mellombels karakter. For driftsfasen er det planlagt varige tiltak. For å unngå for mykje støy frå vifter er det planlagt vasskjøling av generator. Det vil bli satsa på god isolering og/eller støyisolerande materiale for å unngå støy frå blandt anna turbinrommet. Peltonturbinar har lett for å avgje støy i utlaupskanalen. Det vil bli gjort tiltak for å redusera denne mest mogeleg, m.a. tiltak som gummigardin og vasslås.

Innspeil i høyringsfasen

Sjølv om ikkje kommunen er adressaten for høyringa, er det likevel nokre som har sendt kopi av sine høyringsuttalar hit. I fall dei skulle innehalda opplysningar som kan ha betydning for kommunen sin uttale, vert hovudinnhaldet referert.

Hans Vigdal Bringebøen:

1. Det vert peika på at Luster Kraftlag etter avtale med Lyster Sanatorium frå 1917 kun har rett til å gjera seg nytte av 40 l/sek. av vatnet nedanfor Harastølen. Han vil be om å få innsyn i avtalen mellom Harastølen AS og energiverket.
2. Om lag 25 husstandar + kommunen har vatn frå oppkømer på eigedomen hans. Det er difor av største betydning av ikkje vassforsyninga vert forringa. Med omsyn til dei landbruksmessige konsekvensane, meiner han at det må sjåast vidare enn kun til Lauvhjellene og Døsen som ligg nærast elva. Han ber om å bli sikra naudsynleg vatningsvatn til eigedomane sine.

Olga Ellingseth, Gøril Elsebe Urdahl, Hans H. Urdahl:

I merknaden vert det opplyst at det i 1869 vart inngått avtale mellom grunneigarane på strekninga Saude og Døsjagrovi som gjaldt erstatning til grunn for vassveit (Sausveiti). Det vart betalt eingongs erstatning for vassrett til eigaren av Før inklusive Harastølen. Opprettinga av sanatoriet ved århundreskiftet (1900) endra ikkje på dette og veita som då vart gåande rett gjennom tunet der, vart lagd i røyr (trerøyr, innvendig diameter ca. 25 cm) av St. Jørgens Hospital som også hadde ansvaret for vedlikehald av røyrret.

Pga. manglande vedlikehald og stort vasstap i veita, vart det lagt plastslange i ho i 1969. Vassinntaket vart flytta opp til Krekaflaten (kote 650). Denne løysinga fungerte godt til det kom nye eigarar på Harastølen og minikraftverka vart bygde. Etter den tid har elva i fleire år vore turrlagd på Krekaflaten frå midten av juli til ut på hausten. Forsøk på å koma i dialog med eigarane av Harastølen om dette har ikkje ført fram.

Dei opplyser om at vatnet herifrå går til hushaldning, fjøs, dyr på inn- og utmarksbeite og til jordbruksvatning. Dei ottast at enno større dimensjon på røyrkata til kraftverket vil forsterka problemet og ber om at utbyggjar vert pålagd å sikra vassforsyninga på den måten at det vert lagd ein 75 mm plastslange ved inntaket på Røssesete og at dette vassuttaket må koma i tillegg til omsøkt minstevassføring.

Åse Bruland Lavoll

1. Bruland Lavoll har overteke barndomsheimen gbnr. 47/12 som vil bli liggjande berre 30 – 50 m frå prosjektert kraftstasjon. I dag fungerer han som eit hus nr. 2 for familien 2 – 3 veker pr. månad. Når den tid kjem, vil han bli fast pensjonistbustad.
2. Den planlagde røyrgate vil kryssa vassleidninga hennar og ha nærføring forbi oppkoma som ho får vatnet sitt frå.
3. Det vert peika på konsekvensar av graving i dette bratte området med ustabile massar.
4. Søknaden er mangelfull med omsyn til konsekvensar for menneske å bu nær kraftstasjon, som støy og elektromagnetisk stråling.
5. Konsekvensane av eit leidningsbrot der trykket er omlag 730 m, er ikkje nemnt.
6. Manglande utgreiing om alternativ plassering av kraftstasjon og røyrgate. Det vil vera 250 – 300 m kortare å gå rett ned i lia til ei alternativ plassering av kraftstasjon i utmarka ovanfor Døsjatunet. Ulempa er at utbyggjaren vil tapa nokre få høgdemeter, men dette må kunna gå på konto for omsyn til andre.

Avslutningsvis vert det gjort klart at ho ikkje friviljug går med på at det vert lagt røyrgate over eigedomen hennar.

Eventuelt andre høyringsfråsegner som kommunen måtte få kopi av før politisk handsaming, vil bli lista opp og lagde ved saka som uprenta vedlegg.

Annan informasjon

I tillegg til det formelle høyringsdokumentet har også ordførar og representantar frå administrasjonen delteke på orienteringsmøte 21.08.2007 som energiverket kalla inn til. Søkjaren sitt føremål med møtet var å få presentert utfordringane nede ved taubanestasjonen/kraftstasjonen og ønskjet om å til få ei best mogeleg heilskapeleg løysing her. Hovudelement i ei slik løysing:

- Riva taubanestasjonen med tilhøyrande installasjonar
- Flytta riksvegen ut mot fjorden
- Leggja om den kommunale vegen til Steinabakkane og samla alle avkøyrslene i området i denne.
- Plassera kraftstasjonen ved dagens kraftstasjon heilt ut mot dagens riksveg.

Bakgrunnen for den føreslegne løysinga er:

- Ønskjet om å retta ut vegen og gje plass til ein gangveg
- Ønskjet frå innbyggjarane i området om at taubaneastasjonen vert fjerna.
- Døsjagrovi BA sin trong for plass til kraftstasjonen.

Reaksjonar på framlagd løysing:

- Lars Orra (Harastølen AS):
 - Harastølen AS skal riva brua uansett
 - Harastølen AS har ein rett til sjøtilkomst i området og treng denne som ein del av turistsatsinga på Harastølen
- Nils Magne Slinde (Statens Vegvesen):
 - Statens Vegvesen er positiv til løysinga og ser på den som den desidert beste av dei framlagde forslaga
 - Uansett løysing vil det vera behov for reguleringsplan for området
 - Ein bør vurdere å ta med gangveg på utsida mot sjøen

I etterkant av informasjonsmøtet den 21.08.2007 er det kome brev til kommunen frå Døsjagrovi Kraftverk BA datert 27.08.2007, der det vert bede om at Luster kommune syter for naudsynte oppstartvedtak slik at arbeid med reguleringsplan kan starta.

Vurdering:

Konsulenten sine vurderingar og omtale av miljøkonsekvensar av ei utbygging synest å vera korrekte så langt administrasjonen har vore i stand til å etterprøva dei. Vassdraget er tidlegare regulert. Ei ny utbygging vil ikkje ha konsekvensar for inngrepsfrie naturområde. Dei planlagde avbøtande tiltaka vil i forsvarleg grad ivareta dei fleste miljøomsyna.

Det knytter seg likevel uvisse til konsekvensane ei redusert vassføring i elva vil føra med seg for vassforsyning til bustadeigedomar og jordbruksvatning på begge sider av vassdraget.

NVE bør vurdere ei alternativ plassering av kraftstasjonen ovanfor Døsjatunet. Ei slik plassering vil redusera fallhøgda omlag 50 m, men kan vera mindre konfliktfylt i høve andre interesser.

Dersom kraftstasjonen vert plassert nede ved riksvegen, må detaljløysinga for det planlagde stasjonsområdet avklarast gjennom ein reguleringsplan.

Andre tiltak i samband med utbygginga lengre oppe i tiltaksområdet, som ikkje er i tråd med arealbruksføremålet i kommuneplanen, vil kunna løysast gjennom dispersasjonsvedtak.

Planlagd tilknytninga til eksisterande 22 kV linje med jordkabel er lite konfliktfylt og bør kunna godkjennast.

Dato: 04.09.2007

Tore Eriksen
rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef

Særutskrift skal sendast:

NVE, Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde

(sendt som vanleg brev til postadressa ovanfor og som e-post til: rv@nve.no)

m/kopi til: